



## Avlingsprognose pr.1.november 2020

Det har vore kraftig reduksjon i norske fruktavlingar i 2020. For eple, som er bærebjelken i norsk fruktproduksjon, indikerar prognosene omlag 72 prosent av forventta normalproduksjon på etablert areal, mens for plommer er avlingsnivået omlag 22 prosent av det normale. Moreller og pærer har nærare normalen.

Årsakene til avlingssvikt i år er samansett, men fellesnemnaren er klimarelaterte skader. Ein mild ettervinter fulgt av uvanleg kald og våt vår med ugunstige blomstringstilhøve og frost i enkelte område er hovudårsaker, men etterdønningar av ekstremtørken i 2018 spelar truleg også inn. Vi ser også ikkje ubetydelege skader etter angrep av rognebærmøll kombinert med ikkje optimal tilgang på effektive plantevernmidler.

**Tabellen viser avlingsresultat for 2020 i tonn samanlikna med avlingane frå 2010 til 2019 – i tillegg har vi prognose for sesongen 2023.**

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Prognose 2020 pr1.9	Prognose 2023
Eple	7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	<b>5951</b>	10 033
Pærer	220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	<b>440*</b>	500
Plommer	1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	<b>443*</b>	1 919
Moreller	329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	<b>397**</b>	880
Sum	9 173	6726	7303	8 652	9 716	6 872	9 435	9 192	10 108	11038	<b>7231***</b>	13 332

\*Endelege tal

\*\*I tillegg har vi nokon som ikkje leverer til fruktlager

\*\*\*I tillegg vil marknaden ta imot ca 500-600 tonn frukt utanom fruktlagera.

## Morellavlinga i 2020

Morellavlinga vart noko mindre i 2020 enn 2019. Det var til tider vanskeleg å verte kvitt morellene, det har vore rulling på 2 til 3 dagar før morellene kom ut på marknaden.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Prognose 2023
329	359	405	488	583	384	491	447	668	496	<b>397*</b>	880

\*Det er noko som ikkje er med, då ikkje alt er levert gjennom pakkeri.

## Plommeavlinga 2020

Plommeavlingen vart 443 tonn i 2020. Vi har ikkje statistikk tilbake i tid med så låg avling.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	levert pr 1.10
1039	922	818	1 290	1 143	1 174	1 165	1 709	1527	1959	<b>443</b>

## Pæreavling 2020

Pæreavlinga vart 440 tonn i 2020.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert pr 1.11
220	191	170	120	250	109	147	159	444	281	<b>440</b>

## Epleavlingen 2020

Epleavlingen vert truleg ca 70 % av fjoråret. Det er Discovery og Gravenstein som har svikta.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Levert Pr 1.11	Rest
7585	5254	5910	6 754	7 740	5 205	7 632	6 877	7469	8302	<b>5556</b>	395

Åra 2011 og 2015 var òg fruktsesongar med låge avlingar, og slik det ser ut no, kjem vi på nivå med dei.

Ein annan negativ effekt av lita avling, er mangel på råstoff til produksjon av sider og juice.

Lofthus 06.11.2020

Leif Øie